

## Vis resultater

Respondent

6 Anonym

76:32

Tid til å fullføre

### 1. Kva gruppe?

- Gruppe 1
- Gruppe 2
- Gruppe 3
- Gruppe 4
- Gruppe 5
- Gruppe 6
- Gruppe 7
- Gruppe 8
- Gruppe 9
- Gruppe 10

### 2. Namn på gruppelemmer

Liv Jenny, Tove, Trude, Kari, Andreas + 1.

### 3. Kva konsekvensar ser de for barna ved ei eventuell endring? \*

Dårlegare oppfølging av barna. Logistikk endring av kvardagen, frå morgonen av. Ikkje alle arbeidar på gard, men dei fleste jobbar på gard i grendene og treng og bruke tida si på og ta vare på jordbruket, mat til folket og ta vare på dyra. I landbruket er det mange uforutsette ting som gjør at du ikke har en vanlig 9 til 4 jobb. Du kan aldri vite om rundballpressa stopper, om dyrene har kommet seg løs, om et dyr er blitt syk og en må vente på dyrlege. Ikkje alle har anledning til den type køyring. Trafikksituasjonen ved øye er uoversikteleg og presset allerede. Konsekvensen blir lengre reiseveg, mindre miljøvennleg, barna har nå trygg reiseveg og kan sykle til og frå. Tidsbruken på køyring tar av tida til fritidsaktiviteter. Barna søv dårlegare, er usikre og redde. Vi har alt sett dette på barna! Og dei får med seg alt.

I dagens samfunn, så er det nødvendig og beholde grenda/ grendeskolene, i en sånn beredskap trenger man plass, bli sett og høyr, skolen brukes og kan brukast til meir enn berre skule og barnehage.

### 4. Kva bekymringar ser de ved større fagmiljø og samling av ressursar? \*

Mindre oppfølging av enkelt elevar med utfordringar. Vanskeleg og få den ressursen man trenger. Uteområdet blir trångare. Enkelt eleven blir ikkje sett. Det blir og brukt i mot grendaskolene at nokon elevar flytta frå, det blir ikkje nevnt ved større skular at det skjer der også. Det handlar om tilflytting og kva den enkelte har behov for. Grensa til grenda har kunne vore flytta lengre ned. Grendaskolene har plass, tid og rom.

5. Kva moglegheiter ser de ved større fagmiljø og samling av ressursar? \*

Ser ingen positiv punkt med og slå sammen mo ved subus. Dette kan heller være eit spørsmål til lærarane. Subus er allereie sprengt, mange faktorar som skal takast på alt for kort tid. Noko som ikkje er til barnas beste. Og de ansatte bør og få tid og rom til ein slik stor prosess. Er også lite positive tilbakemeldingar frå andre stadar skulane blir lagt ned.

6. Kva rolle spelar skulen i bygda eller nærmiljøet?

Det er ei grend som er åpent i begge endane. Det er hjarte i bygda, og skulen blir brukt til mykje anna etter skule og barnehagetid. Feks: fotball, korps, fau møter og andre møtar, juletefest, julegrantenning, 17. Mai, bursdagslag osv.  
det er også mange som ikkje ønsker og kome flyttande heim til bygda og grenda si, hvis ikkje dei har ein nærskule og barnehage tilgjengeleg. Det skapar usikkerheit for dei unge som har den arbeidskrafta som kommunen treng og ønkser. I forhold til beredskap, så er det viktig at vi tar vare på kvar og ein, vi hjelper hverandre og skulen er eit bygg med stor plass, om noko skal skje i den usikre tida.  
Det er utruleg god og stor dugnadsånd!!!  
Naturlig samligspunkt for alle i grenda!

7. Korleis kan vi ta vare på fellesskap og tilhørigheit dersom skulestrukturen blir endra? \*

Det blir utfordrande og kommunen må bidra økonomisk med støtte til lag og foreningar. Men det blir fasa ut ved tida, for ungene ønsker og være med der med venner. og foreldra blir satt opp nesten uten forespørsel på arrangemanga. Enten så blir dei med, men mange kan også falle ut og ikkje bli med.  
Det blir lange dagar på dei minste ungene.

8. Kva tankar har de om skuleveg, transport og kvardagen for barna? \*

Lange dagar, lang reisev for enkelte, fritidsaktivitet kan falle ut for enkelte.

9. Har de spørsmål de ynskjer å stille til politikarane?

1. kor mange suksess historiar frå andre kommunar, ang nedleggelse av skolar. Kor stor prosent er det som har fått betre økonomi?
2. Er eit slik valg eit betre valg for ungene??
3. hvor lang blir den reelle busstida for ungene frå surnadal og ned igjenn?
4. kor reelle er egentleg tala, sparer vi egentleg det som er førespegla?
5. hvorfor må det skje frå hausten 2026?
6. hvorfor tvinge alle på mo ned til subus, isteden for og tvinge noen fra subus opp til mo?
7. er målet å agere byskole på SUBUS for å trekke byfolke til bygda.?

10. Har de andre innspel?

Finner ikke noe svar.